

Sogndal kommune  
6856 Sogndal

### **Kjørnes III bustadfelt**

Eg viser til brevet mitt til Sogndal kommune av 8. januar i år, sjå vedlagde kopi.

I brevet bad eg om å få melding frå kommunen så snart den detaljerte utbyggingsplanen for Kjørnes III vart godkjend. Kommunen har ikkje svart på dette brevet, men eg har registrert at utbygginga er sett i gang med planering av vegar og sprenging av grøfter for vatn og kloakk. Det er også utført ein del røyrlegging i feltet. Er det slik å forstå at dette blir gjort utan at planen er godkjend av kommunen?

Sidan feltet ligg på oversida av huset mitt, er eg spesielt oppteken av kva endringar dette vil medføre for overflatevatn ned mot egedomen min. Fornuftig plassering av VA-grøftene er viktig for å redusere risikoen for ureining av drikkevasskjelda mi. På synfaring saman med utbyggjaren den 2. april i år, foreslo eg å ta bort ei skissert grøft i fjell like ved grunnvassbrønnen min, men eg har ikkje fått endeleg stadfesting på om dette blir gjort. Eg har heller ikkje motteke endelege utbyggingsplanar eller framdriftsplanar frå utbyggjaren sjølv om dette har vorte etterlyst fleire gonger.

Endelege tomtegrenser og detaljplanar for veg, vatn og avlaup er også viktig for å vurdere kva tomter eg skal overta i felt B og/eller C. Dette etterlyste eg i brevet mitt til Sogndal kommune av 23.08.2006. Eg viser også til punkt 10.1 i avtalen av 8. juli 1986 om sal av delar av eigedom 1/10 til Sogndal kommune:

*”Seljar får rett til å overta inntil 3 tomter i feltet innafor det areal på nedsida av riksvegen som skal avståast til kommunen.”*

I den reviderte reguleringsplanen for Kjørnes III som vart godkjend den 30.01.1997, er det lagt opp til 14 nye einebustadtomter i område C. I felt B er det godkjent 4 tomter for rekkjehus og resten av tomtene er regulert til einebustader. Etter det eg forstår blir det no arbeidd med å gjere om fleire av einebustadtomtene i felt C til tomannsbustader, og ein del av einebustadane må truleg byggjast utan kjellar på grunn av lite fall på VA-grøftene. Det er viktig å få skikkeleg avklaring på dette fordi det kan få konsekvensar for verdien av dei tomtene eg skal overta. Eg gjer også merksam på at verdien av kvar tomt kan bli endra dersom kommunen legg opp til ei tettare utbygging enn det som låg til grunn for avtalen om grunnavståing. Dette vil eg kome tilbake til når utbyggingsplanane er godkjende.

Eg ber også om å få informasjon om den samla kostnaden med opparbeiding av veg, vatn og kloakk for Kjørnes III og utrekningar som viser korleis denne blir fordelt på dei einskilde tomtene og bueingane i felt B og C. Eg legg til grunn at kommunen følgjer regelverket i ”Lov om offentlige anskaffelser”, og at det har vore open konkurranse både om sal av feltet og opparbeiding av veg og VA-anlegg.

Hovudvegen gjennom feltet er ferdig grovplanert fram til grensa mot gnr. 1, bnr. 8. Eg viser til følgjande krav i reguleringsføresegnene under punkt 1.6 a) Offentleg trafikkareal:

*”Internt trafikksystem.*

*”Dette er uendra, bortsett frå køyreveg ned til badeplassen i Vikane. Denne er planlagt med 3,0 meter brei køyrebane og 0,5 meter skuldrar (reguleringsbreidde 4,0 meter) slik det er skissert frå Teknisk Etat. Der vegen ned til badeplassen startar er det sett av plass til parkering av 5 personbilar.”*

Eg viser til at vegen ned til badeplassen vart omregulert frå gangveg til køyreveg etter ønskje frå grunneigaren. Han gav også fri grunn til denne vegen i samband med reguleringsaka i 1996. Sjå brev frå advokat Arne Gjeraker av 25.07.1996.

Før badesesongen tek til, er det viktig å få grovplanert vegen mellom parkeringsplassen og badeplassen slik at vegen kan fungere som ein gangveg denne sesongen. Det er også viktig å få på plass ny skilting, slik at det blir lettare å finne fram mellom badeplassen og undergangen ved rv. 5.

Eg minner elles om hjortegjerdet på nedsida av feltet der Sogndal kommune skreiv dette til utbyggjaren for eit år sidan:

*”Hjortegjerdet fungerer slik i dag at eigedomane på nedsida av riksvegen ikkje er plaga av hjort. Utbyggjar må syte for at hjortegjerde med naudsynte grindar må vidareførast etter kvart som utbygginga på nedsida av riksvegen vert utført, slik at grunneigarane ikkje vert skadelidande.”*

Utbyggjaren har rive ned ei lang strekning av det gamle gjerdet, men har hittil ikkje kome i gang med oppsetjing av nytt hjortegjerde mot eigedomen min. Eg ber derfor om at Sogndal kommune følgjer opp også denne delen av avtalen med grunneigarane frå 1986.

Sogndal, 18. mai 2008

Med helsing

Dagmar Ølnes Lotsberg

Sogndal kommune  
6856 Sogndal

### **Kjørnes bustadfelt**

Eg viser til vedlagde kopi av brev frå Steinar Eikevik av 4.12.07 der det går fram at detaljert utbyggingsplan for Kjørnes III vil bli handsama av kommunen med det fyrste. Eg viser spesielt til forslaget hans om å leggja VA-grøftene så høgt at det ikkje blir avlaup frå kjellarane i tre av tomtene i C4.

Eg ønskjer melding frå kommunen så snart den endelege planen er godkjend. Eg ønskjer også orientering om kva tid Sogndal kommune reknar med å overta ansvaret for drift av veg, vatn og kloakk i felt B og C.

Sogndal, 8. januar 2008

Med helsing

Dagmar Ølnes Lotsberg

Vikane AS  
Steinar Eikevik  
Kongabergvegen 33  
6856 Sogndal

04.12.07

Dagmar Ølnes Lotsberg  
Kjørnes  
6856 Sogndal

### **Vedrørende Kjørnes 3.**

#### **Framdrift.**

Arbeidet med veg L1 er no i gang, det vert truleg overskotsmasse på L1 som me vil bruke på veg L6, me har merka trea på veg L6 i ytterkantane av vegtrasen. Vegarbeidet på veg L6 blir truleg oppsart i medio januar 08.

#### **Utaking av tomtar i.h.h.t . avtale med Sogndal kommune 08.07.86.**

Du har ein rett å ta ut tomtar på det området du tidlegare eigde, me vil sende bebyggelseplan til kommunen, for so å starte salet av tomtar. Me ynskjer ei tilbakemelding om du vil ta ut tomtane, og kva plasseringa av desse er.

Kan me få tilbakemelding på dette innan 10.01.08

3 tomtar i felt C4 vil ikkje få kjellar med vatn og avløp, grunna fallforholda på V/A grøft.

Er det spørsmål eller avklaringar kan me gjerne ta ein synfaring, ta kontakt på telefon 907 62 059 Steinar Eikevik.

MVH

Vikane AS  
Steinar Eikevik